



Høgskulen
på Vestlandet

SAK - 3/25-B

UTLYSING AV ÅREMÅLSSTILLINGAR

PERIODEN 01.08.2025-31.07.2029

PROREKTOR FOR UTDANNING
PROREKTOR FOR NYSKAPING
DEKAN FOR FAKULTET FOR LÆRARUTDANNING,
KULTUR OG IDRETT
DEKAN FOR FAKULTET FOR HELSE- OG
SOSIALVITSKAP

Styremøte 6.2.2025
Innleiing
Rektor Gunnar Yttri

Bakgrunn og samandrag

- › To prorektorstillinger og to dekanstillinger har utgåande åremål 31.7.2025
- › Styret vedtok i sak 58/24 – B å halde fram med tre prorektorstillinger
- › Rektor legg her fram:
 1. Utkast til utlysingstekstar for åremålsstillinger som
 - › prorektor for utdanning
 - › prorektor for nyskaping
 - › dekan for fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)
 - › dekan for fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS)
 2. Framlegg til samansetting av innstillingsutval for stillingane som skal lysast ut

Innstillingsutval

- › *Etter universitets- og høgskulelova (uhl) § 7-4 skal tilsetting av prorektor og leiar for avdeling og grunneining skje på grunnlag av innstilling frå eit innstillingsutval. Styret sjølv skal fastsetja samansettinga av innstillingsutvalet. Studentane skal vera representerte i innstillingsutvalet, så sant ikkje styret einstemmig avgjer noko anna.*
- › Rektor foreslår slike innstillingsutval
 - › Rektor (leiar)
 - › Ein ekstern medlem/varamedlem frå styret
 - › Ein dekan (for prorektorstillingane)/ Ein instituttleiar (for dekanstillingane)
 - › Ein tilsettrepresentant
 - › Ein student

Kompetansekrav og ansvar

- › Formell kompetanse: Bør stillast høge krav til **vitskapleg kompetanse** og god forståing for alle sidene av utdannings- og forskingsverksemd for desse øvste stillingane
- › Må leggast på eit nivå som speglar ansvaret og oppgåvene som blir lagt til stillingane
 - › «Høg vitskapleg kompetanse, helst på førstestillingsnivå».
 - › «Generell pedagogisk kompetanse»
- › Anna kompetanse: God leiarerfaring, strategisk kompetanse, forståing for høgskulen sitt samfunnsoppdrag, forvaltings- og administrasjonskompetanse, evne til samarbeid, og til å skapa gode relasjonar internt og eksternt.
- › **Krav kompetanse og ansvar i stillingane skildra i utlysingane**
- › **Rektor ber om innspel og fullmakt til å utforme endelege utlysingstekstar**

Tidslinje

- › Styremøte utlysingstekstar og innstillingsutval: 6. februar
- › Stillingar utlyst: Ca. 10. februar
- › Søknadsfrist: 9. mars
- › Val av kandidatar til intervju: 10.-14. mars
- › Intervju: 17.-21. mars
- › Ferdigstilling av innstilling: Seinast 8. april
- › Innstilling sendt styret: Ca. 10. april
- › Tilsetting: **Styremøte 24. april**



